



Dato: 01.05.2019
Arkivref: 2019/639-
11424/2019 /
634

Saksbehandlar: Elisabeth Gjerde
53423154
elisabeth.gjerde@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for areal og samferdsel	22.05.2019

**FRÅSEGN TIL REGULERING/ UTVIDING SETTEFISKANLEGG BRAKEDALSVATNET/LAUKKJÆRTJØRNA
- SØKJAR BRAKEDAL SETTEFISK AS****Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Bømlo kommune tilrår ikkje Brakedal Settefisk AS sin søknad om vassdragsregulering av Brakedalsvatnet/Laukkjærtjørna. Den er i strid med sterke samfunnsinteresser ved at den grip inn i drikkevassforsyninga til kommunen. Me viser til kommunen sin faginstans, Bømlo Vatn- og avløp AS, si fråsegn datert 11.04.19.

Dokument i saka:

- Mottatt høringsbrev den 21.02.19 og 26.02.19.
- Mottatt fråsegn fylkesmannen Vestland den 12.04.19.
- Mottatt fråsegn BVA, datert 11.04.19

Bakgrunn for saka:

NVE har mottatt søknad frå Brakedal Settefisk AS om løyve etter vassressurslova §8 til å heva HRV i Brakedalsvatnet frå kote 35,3 til kote 36,3. Dei søker også om å regulera Laukkjærtjørna mellom kote 36,3 og kote 34,3. Vatnet skal brukast til produksjon av settefisk. I samband med dette er søknaden sendt til m.a. Bømlo kommune slik at me kan få gje uttale i saka.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova. Kommunen si rolle i ei slik sak er uttala seg om tilhøve knytt til kommuneplanen og andre kommunale planar. Me kan også informera om kjente ålmenne interesser t.d. landskap, friluftsliv, vassuttak, fisk og vilt som tiltaket kan få følgjer for og evt. andre tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa.

Høringsbrevet vart mottatt 26.02.19. Me har fått frist fram til 23.05.19 å gje uttale i saka.

BVA og fylkesmannen har uttala seg i saka. Kopi av desse ligg ved.

Vurderingar:

Brakedal Settefisk har hatt konsesjon frå NVE for uttak av vatn og regulering av innsjøane i Brakedalsvassdraget sidan 20.november 2001.

I gjeldande kommuneplan er heile dette området sett av til føremålet LNF. Det er fastsett omsynssone H 110_6 for vassdraget, dvs. omsynssone for drikkevasskjelde og settefiskanlegg. Etter føresegnene til kommuneplanen sin arealdel §13.1.1 er det forbod mot tiltak som kan forureina drikkevatnet.

I følgje Bømlo kommune sin faginstans BVA AS er Laukkjærtjørnet ein del av Hollundsvassdraget og inngår i nedslagsfeltet for BVA AS sitt vassverk, Hollundsvatnet VBA. Den naturlege vassføringa frå Laukkjærtjørnet, gå via det naturlege utløpet i søre enden av vatnet, vidare via elvelaupet inn i Vindingsvatnet, derifrå i naturleg løp, via Mosavatnet og vidare til Hollundsvatnet VBA. Stenging av det naturlege utløpet frå Laukkjærtjørna til Vindingsvatnet vil difor kunna ha direkte negative konsekvensar i høve vassforsyninga i kommunen.

Som det kjem fram av konsesjonssøknaden har Brakedal Settefisk AS allereie lagt demning i Laukkjærtjørnet sitt naturlege utløp slik at vatnet vert overført til reservoar for settefiskanlegget til Brakedal settefisk AS i staden for mot sør i naturleg løp til Hollundsvatnet.

Bømlo kommune har den 07.12.15 vedtatt hovudplan for vatn og avløp. Vassdragsreguleringa vil kunna vera i strid med målsettinga om å ha nok og godt vatn til alle med kommunal vassforsyning, samt tryggleik i vassforsyning/beredskapsplan for vassforsyninga, kap. 2 i hovudplanen.

Rådmannen meiner at det bør rådst i frå ei vassdragsregulering som rårar Bømlo kommune si vassforsyning.

Økonomiske konsekvensar:

Bømlo kommune ynskjer ei sikker og økonomisk forsvarleg vassforsyning til innbyggjarane i Bømlo ved at ein framleis kan nytta den eksisterande infrastrukturen og løysing for vassforsyninga.

Miljømessige konsekvensar:

Tiltaket vil ha negativ verknad for landskapsopplevinga langs Rolfsnesvegen.

I Brakedalsvatnet og Vindingsvatnet er det i artsdatabanken i 1989 registrert observasjon av ål (Anguilla) . Denne er raudlisteart.

Temakartet for bevaringsverdiar, utarbeida i 2003, viser ingen friluftsområde, sjøbruksmiljø eller badeplassar.

I høve til riksantikvaren sin kulturminnedatabase/SEFRAK så er det ingen kjende registreringar på tomte.

Beredskap og samfunnstryggleik:

Det er i kommuneplanen registrert omsynssone for drikkevasskjelde i det aktuelle området. Omsøkt tiltak kan råka ei trygg og sikker vassforsyning for innbyggjarane i Bømlo.

Folkehelse:

Tiltaket inneheld faktorar som direkte eller indirekte kan råka befolkninga sin helse og trivsel dersom vassforsyninga vert ustabil.

Oppsummering og konklusjon:

Den omsøkte vassdragsreguleringa vil kunna vera i strid med målsettinga i kap. 2 i vedtatt hovudplan for vatn og avløp, samt i strid med omsynssone H110_6 i arealdelen til kommuneplanen

vår. Rådmannen meiner at det bør rådst i frå ei vassdragsregulering som råkar Bømlo kommune si vassforsyning.